




Bryne kunstforening - Årsmelding 2023

Utstillinger og arrangement

27.1- 19.2.2023 - *You are no good alone* - Natasja Askelund



Utstillinga var ein del av og arrangert i samarbeid med Garborgdagane. Det var eit utvida opningsarrangement med samtale om yringsklimaet for kunstnarar. Natasja Askelund er oppteken av at det er så mange ho må «pleasa» at det innskrenkar kunstnarleg fridom. Bjørn Arild Ermland leia samtalen med Frank Rossavik og Natasja Askelund. Publikum fekk også med seg ein minikonsert med Jon Derek Bishop og Inge Breistein.

Tilsaman deltok 120 på opninga av utstillinga, og samla besøk var 301. Det blei seld 2 verk.

Utstillinga fekk god mediedekning også gjennom tilknyttinga til Garborgdagar. «Overveldende», skriv Trond Borgen i si melding om hovudverket på utstillinga.

Utstillinga fekk støtte frå Kulturrådet og Norske kunstforeningar. Denne støtta dekkja også materiale til å laga ein modulbasert hjørnevegg for å auka fleksibilitet og få meir veggplass inne i galleriet.

Om utstillinga på BKF heimeside [her](#).

11.3 - 2.4.2023 - *Utpust* - Kirsten Opstad



Kirsten Opstad
UTPUST

Bryne mølle 11.03 - 02.04 2023
Opning laurdag 11.03 kl 12.00
Laurdagar 12.00-16.00
Sundagar 13.00-17.00
Bryne Mølle, 3. etasje




Kirsten Opstad hadde eit stort behov for å pusta ut etter coronatida og få utløp for oppdemma energi. Utstillinga er eit godt uttrykk for dette – ein eksplosjon av fargar, teknikkar og material.

Åpninga vart ei fargerik forestilling med sang av Asbjørn Sivertsen, og heimebakte godsaker vart serverte. John Øivind Eggesbø, rektor ved Kunstskolen i Stavanger hadde opningstale.

Utstillinga var også ein del programmet for Livsgledefestivalen som Time kommune stod bak. I høghuset hadde kulturjournalist Jan Zahl eit kåseri om kunst på Jæren, etterfulgt av vandring gjennom Fritz Røeds skulpturpark i Mølledammen med orientering frå Fritz Røeds venner. Vandringa vart avslutta med besøk på utstillinga i Mølla. Det var 46 deltakarar på dette arrangementet.

Tilsaman 302 personar besøkte utstillinga og det blei seld 12 verk. Om utstillinga [her](#).

20.5 - 11.6.2023 - *Tanngard* - Siri Borge



Opning på Kalzere plass lørdag 20.05 kl 12.00
Performance: Siri Borge og Øyvind L.
Musikk: Gaute Hadland og Anders Sundsteigen Hana spelar folkemusikk frå Bjerkreim på Hardingfele

Oppe: Laurdagar 12.00-16.00
Sundagar 13.00-17.00
Bryne Mølle, 3. etasje



Siri Borge er ein kunstnar med sterkt politisk engasjement, og dette kom tydeleg fram i utstillinga. Hovudverket var ein «kopi» av ei Hitlertann i naturleg storleik, utforma i spegl og glas. I anmelding i Stavanger Aftenblad skriv Trond Borgen: *Med sin speiloverflate innkapsler denne hitlertannen gallerirommet, samtidig som den også utvider og dette rommet gjennom speilingen. Enkelt, vakkert og flott.*


Kunstnaren Siri Borge og Øyvind L hadde ein performance kor dei spelte på theremin og vindturbin! Gaute Hadland og Anders Sundsteigen Hana spelte folkemusikk frå Bjerkreim på hardingfele.

Utstillinga hadde 153 besøkande.

Utstilling og kunstnar fekk brei omtale i Stavanger Aftenblad og Jærbladet, Norske kunstforeningers tidsskrift Kunst Pluss samt melding i CAS – Contemporary Art Stavanger.

Utstillinga fekk støtte frå Norske kunstforeningar. Om utstillinga på BKF's heimeside [her](#).

23.9 – 15.10 2023 - *Scultura* - Ingrid Christiansen Krook



Mange vart oppriktig overraska då dei besøkte denne utstillinga: - Er det virkelig sant at det bur ein slik klassisk kunstnar her på Jæren?

Ja, Ingrid Chr. Krook er bilethoggar, klassisk bilethoggar med hammar og meisel. Ho har kunstutdanninga si frå Italia og har budd og arbeidde lenge i den italienske byen Carrara. Det er her dei bryt den edlaste, kvite marmoren, det mest kostelege materialet for bilethoggarar til alle tider. Michelangelos Davids-statue er laga av marmor frå Carrara. For kunstnaren er marmor ein viktig grunnsstans som forankrar henne til ein lang tradisjon. Utstillinga på Bryne hadde fleire verk laga av marmor på klassisk vis.

Utstillinga hadde 79 besøkande og det blei seld 1 verk. Om utstillinga på BKF's heimeside [her](#).

21.10 – 5.11 2023 – *Jeg er i skogen, ikke kom* - Anita Tjemsland



Anita Tjemsland er mest kjent for sine bymotiv. I denne utstillinga har kunstnaren bevega seg frå urbane miljø, bort frå kaos, støy og mas og inn i skogen, og indikerer at det er ein god plass å vera. Tjemslands kunstnariske skogsunivers er også ein stad å søka inn i, ein stad å vera, ein stad ein ikkje vil bli forstyrra.

Tjemsland seier sjølv om skogen: - *Skogen vår sirkulerer og rensar vann, rensar luft, lagrer karbon og hindrer erosjon. Skogen vår er viktig, det er mange som har skogen som levebrød. Det sies at skogen er bra for helsen, vi kobler av fra alt, det er bra både psykisk og fysisk*

Det var tilsaman 123 besøkande på utstillinga og det blei seld 2 verk og eit antal originale kunstkort.

Om utstillinga på BKF's heimeside [her](#).

18.11. 2023 Auksjon av verk frå samlinga



Tilsaman vart det skild ut 29 verk frå samlinga basert på kriteriar vedtekne på årsmøtet i 2021.

Ståle Gruda Haaland var auksjonarius. 16 verk vart selde.

Publikum

Samla besøkstal på utstillingar og arrangement i 2023 var 1177. Dette er på same nivå som i 2022.

Utstilling	Periode	Besøkende Åpning	Besøkende utenom åpning	Besøkende Totalt	Solgte Verk	Kommentar
Natasha Askelund	27.01.23 - 19.02.23	120	181	301	2	
Kirsten Opstad	11.03.23 - 02.04.23	135	167	302	12	
Siri Borge	20.05.23 - 11.06.23	100	53	153	-	
Ingrid Christiansen Krook	23.09.23 - 15.10.23	38	41	79	1	
Anita Tjemslund	21.10.23 - 05.11.23	55	68	123	2	
Andre arrangement				219	16	Garborgdagar, kunstauksjon med mer
Sum		448	510	1177	33	

Årsmøte

Årsmøtet blei halde 28.3.2023 i Bryne mølle. 21 medlemmar var til stades.

Styret 2023/24

Sigvart Zachariassen (leiar)
Inger Aase Høyland Braut (nestleiar)
Nils Anders Refvik (kasserar)
Thomas Djup
Anne Brit Ree
Børge Goa
Aasa Dirdal (vara)
Inger Lise Belsvik (vara)

Arbeid i styret

Styret har hatt 7 møte i 2023/24 og har arbeidd med desse sakene:

- Utstillingsprogram for 2023-2025
- Gjennomført tre møte i kunstnarleg råd. Rådet har denne samansettinga: Jens Erland, Mona Orstad Hansen og Thomas Djup (frå BKF-styret). Anbefalingane frå kunstnarleg råd har i stor grad blitt følgd opp av styret.

- Sidearrangement og kobling til andre kunstnarlege uttrykk.
- Magasinet for samlinga på loftet er endeleg ferdigstilt og markert med ei samling av involverte 12.12. Stor innsats frå styret og ressursgruppa i dette arbeidet. Godt samarbeid med Time kommune som bidrog med det meste av kostnader til magasinet.
- Planlegging av utstillinga *G sanning tvil* som markerte 100 år etter Arne Garborgs død. Utstillinga vart vist i Jæren Meieri og det er brukt ca 350 frivilligtimar i 2023 for å klargjera bygget for utstilling. Utstillinga er eit samarbeidsprosjekt med Time kommune. 22.8 var det eit ope arrangement med 35 deltakarar kor kunstnarar og kurator snakka om idegrunnlaget og arbeidet med utstillinga.
- BKF 2030. Kva slag forening BKF skal vera i 2030 har vore diskutert på styremøte gjennom heile året. Utfordringa er å sikra foreninga stabilitet og utvikling når det stadig vert vanskelegare å rekruttera personar til å ta arbeidskrevande verv i styret. Styret har hatt møte med administrasjonen i Time kommune for å gjera greie for utfordringane og diskutera samarbeid som kan generera inntekter for foreninga. Det har også vore møte med Hå gamle prestegard og Norske kunstforeningar for å få innspel. Det er laga ein plan for vidare oppfølging, der blant anna møte med lokale kunstnarar og politikarar i Time kommune inngår.

Det er handlingsplanen for 2023-24, vedteken på årsmøtet 28.3.2023 som har lege til grunn for arbeidet i styret.

Ressursgruppa

Kva skulle me gjort utan ressursgruppa? Snekring, maling, rigging, bæring av uhyggelig store og tunge glasplater opp dei smale trappene, opphenging, pakking, køyring, kaffikoking, matlaging og ikkje minst smørjing av det gode maskineriet som må til for å få på plass utstillingar og arrangement. Alltid på pletten med godt humør og utstyret som trengst.

Økonomi

BKF hadde eit overskot på kr 74 548 i 2023. Det er vanskeleg å tolka fordi økonomien i 2023 og 2024 vil vera prega av utstillinga *G sanning tvil* som opna i januar 2024. Det har kome både utgifter og inntekter knytt til denne utstillinga i 2023, medan tala for 2024 ikkje er klare.

Foreninga har fått tilskot frå Time kommune (40 000), og frå andre aktørar til enkelte utstillingar som det framgår av omtale over.

Medlemmar

BKF har i 2023 hatt 69 betalande medlemmar, nokre færre enn i 2022.

Juleutlodding



Årets bilete i 2023 var *Selvportrett* av Tor Eisaiesen

Det grafiske trykket vart kjøpt inn av Bryne kunstforening etter ei separatutstilling i 1980.

Vinnar var Lise Aanestad.

Årsmeldinga vart vedteken på årsmøtet 2.4.2024